



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Sakspapir

Saksnr	Utval	Type	Dato
019/25	Areal- og forvaltningsutvalet	PS	11.02.2025
028/25	Formannskapet	PS	12.02.2025
011/25	Kommunestyret	PS	20.02.2025

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Haldis Karine Nilsen	K1-143	20/1120

KOMMUNEDELPLAN BYGGERÅSTOFF OG MASSEHANDTERING 1 GONGSBEHANDLING

Forslag til vedtak

Kommunedelplan for byggeråstoff og massehandtering vert lagt ut på høyring.

Hjelmeland, den 07.01.2025

Janne Johnsen
Kommunedirektør

Areal- og forvaltningsutvalet 019/25

AFU - behandling:

Behandling:

Tillegg til plan, foreslått av Tårn Sigve Schmidt, Senterpartiet

Heile innspel 6 vurderast som uttaksområde i planen.

Austre del av ressursområde 25 G, som hensynssone. dvs frå kyrkjbrauta/Storemo til og med klekkeriet, men kun nordsia av åna.

Representanter Berit Søvik Østerhus, Tårn Sigve Schmidt, Mari Madland, Bengt Åke Hauge ber om vurdering av ugildskap.

Røysting

Berit Søvik Østerhus - ugild, erstattes av Erlend Widerøe

Bengt Åke Hauge - ugild, erstattes av Torunn Munthe

Mari Madland - gild

Tårn Sigve Schmidt - gild

Presentasjon av Byggeråstoffplan ved Plan og forvaltning, Svanhild Hjorteland Gbada.

Tilleggsforslag, foreslått av Tårn Sigve Schmidt, Senterpartiet og Johannes Våge, Kristelig Folkeparti

1. Heile innspel 6 vurderast som uttaksområde i planen.
2. Austre del av ressursområde 25 G, som hensynssone. dvs frå Kyrkjbrauta/ Storemo til og med klekkeriet, men kun nordsia av åna.

Røysting

Tilleggsforslag 1, Schmidt/ Våge: vedtatt mot 2 stemmer (Sværen, SV; Widerøe, SV).

Tilleggsforslag 2, Schmidt/ Våge: samrøystes vedteke.

AFU - vedtak:

Kommunedelplan for byggeråstoff og massehandtering vert lagt ut på høyring.

Heile innspel 6 vurderast som uttaksområde i planen.

Austre del av ressursområde 25 G, som hensynssone. dvs frå Kyrkjbrauta/ Storemo til og med klekkeriet, men kun nordsia av åna.

Formannskapet 028/25

FSK - behandling:

Behandling:

Forslag frå AFU, foreslått av Torunn Munthe, Høgre

Uttale til plan frå AFU vert lagt til i saka.

Hatløy og Egeland, SP ba om habilitetsvurdering, og gjekk frå.

Røysting over habilitet:

- Hatløy, SP: Vart røysta gild (samrøystes)
- Egeland, SP: Vart røysta gild (samrøystes)

Begge fekk delta i behandling av saka.

Røysting:

Opprinneleg forslag med vedteken endring: Samrøystes vedteke

Innstilling frå Munthe, H: Samrøystes vedteke

FSK - vedtak:

Kommunedelplan for byggeråstoff og massehandtering vert lagt ut på høyring.

Uttale til plan frå AFU vert lagt til i saka.

Kommunestyret 011/25

KST - behandling:

Behandling:

Representantane Berit Søyvik Østerhus, Tårn Sigve Schmidt og Mari Madland, SP samt Bengt Åke Hauge, H reiste spørsmål om vurdering av sin habilitet.

Røysting - habilitet:

- Berit Søyvik Østerhus: Ugild (samrøystes). Anne Tove G. Ingvaldstad møtte som vara.

- Bengt Åke Hauge: Ugild (samrøystes). Kjell Apeland møtte som vara.
- Tårn Sigve Schmidt: Gild (samrøystes)
- Mari Madland: Gild (samrøystes)

Røysting - forslag til vedtak:

Innstilling frå formannskapet: Samrøystes vedteke

KST - vedtak:

Kommunedelplan for byggeråstoff og massehandtering vert lagt ut på høyring.

Uttale til plan frå AFU vert lagt til i saka:

Heile innspel 6 vurderast som uttaksområde i planen.

Austre del av ressursområde 25 G, som hensynssone. dvs frå Kyrkjbrauta/ Storemo til og med klekkeriet, men kun nordsia av åna.

Samandrag

Det er utarbeidd forslag til Kommunedelplan for byggeråstoff og massehandtering og kommunedirektøren tilrår at denne vert lagt ut til høyring.

Partar i saka:

Det er ikkje parter i denne type sak, som ikkje er eit enkeltvedtak etter forvaltningsloven

Fakta

Forslag til kommunedelplan for byggeråstoff og massehandtering er no utarbeidd og kommunedirektøren tilrår at denne vert lagt ut til høyring. Bakgrunn for forslaget er bestillinga i form av planprogram for kommunedelplan byggeråstoff frå november 2023. Det er viktig å understreka at

denne planen er ein TEMAPLAN og ikkje har noka juridisk bindande arealkart. Eit juridisk bindande arealkart får ein fyrst ved vedtak av kommuneplanen sin arealdel.

Forslaget som no ligg føre består av sju kapitel;

- 1 Innleling
- 2 Mål og bakgrunn
- 3 Gjennomføring av planarbeidet
- 4 Ressursoversyn
- 5 Massehandtering
- 6 Vurdering av ressursgrunnlag, innspel og merknader + vurdering KU
- 7 Tiltak – vidare handtering i kommuneplan og reguleringsplan, saksbehandling
- 8 Liste over vedlegg

Desse vedlegga ligg ved (i tillegg til sjølve plandokumentet):

Vedlegg 1 Mineralressurser i Hjelmeland kommune

Vedlegg 2 Kart over mineralressurser i Hjelmeland kommune

Vedlegg 3 Innspel og merknadar med kommentar frå kommunedirektøren

Vedlegg 4 Innspel og merknadar i original

Vedlegg 5 Konsekvensutgreiing av dei områda som vart prioriterte i vedlegg 1

I tillegg kan ein følgja ein kartlink for å få ein oversikt over mineralsressurser totalt sett i kommunen:

<https://kommunekart.com/klient/hjelmeland/politisk>

Om planarbeidet

Planarbeidet har strekt seg noko ut i forhold til opphavleg tidsplan, men det viktigaste målet har vore å ha ein plan klar når arbeidet med revisjon av kommuneplanen sin arealdel skal starta opp. I følge planstrategien/planprogram skal det skje i år, etter at samfunnsdelen til kommuneplanen er ferdigstilt.

Sist haust har det også vore noko parallellkøyring med kommuneplanen sin samfunnsdel og byggeråstoffplanen, slik at informasjon og medverknad i ein tidleg fase er blitt mogleg.

I arbeidet med planprogram vart Melhus kommune sin råstoffplan modell for Hjelmeland sin. Sjølve plandokumentet har blitt noko meir fristilt frå denne modellen, då tilhøva i Hjelmeland og Melhus ikkje er heilt like.

Målsettinga med planarbeidet er i planprogrammet definert slik:

- 1 *Gi eit oppdatert ressuroversyn over førekomstane av grus, pukk og naturstein og for område for massehandtering*
- 2 *Strategi for bærekraftig forvaltning*
- 3 *Leggja til rette for føreseielege prosessar ved søknad om næringsetablering innafor desse felte*
- 4 *Fungera som kunnskapsgrunnlag for revisjon av kommuneplanens arealdel*

Kommunedirektøren meiner planframlegget i stor grad fyller intensjonane i “bestillinga”. Størst “mangel” er nok at ein ikkje har lukkast å peika ut område for massehandtering. Når det gjeld strategi for berekraftig forvaltning, vil det nok vera ulike synspunkt på det. Geologiske ressurser

forsvinn ikkje sjølv om dei ikkje vert ein del av ein kommuneplan. Vert dei tekne ut, er dei borte for alltid.

Å ikkje bruka ressursar kan soleis seiast å vera det mest berekraftige på sikt. Men samfunnet har bruk for sand, grus, pukk og naturstein. Alternativ til å leggja til rette for uttak, er i plansamheng å unngå nedbygging. Å nekte oppføring av landbruksbygg på grunn av at garden ligg på ein geologisk ressurs, er på ei anna side også ei utfordring for landbruket.

Planarbeidet har i stor grad synleggjort kva geologiske ressursar som finst i denne vidstrakte kommunen, noko som har vore ein interessant dimensjon ved det heile.

Planprogrammet vart vedteke i november 2023. Innspelsrunde vart gjennomført rundt årskiftet 23-24. I februar vart det gjennomført ei temasamling om byggeråstoff med kommunestyret og representantar for næringa og vitskapsfolk frå Univeritetet og NGU (Norges geologiske undersøkelser).

Ved vedtak av planprogram fastslo kommunestyret at dei ynskje å ta med pukk som ressurs inn i planarbeidet. Sjølv om ein i innspelsfasen berre har motteke eit forslag som gjeld pukkverk, ser ein at responsen frå andre har vore stor med omsyn til dette eine innspelet. Reaksjonen kom etter at Mibau Stema hadde gjennomført infomøte på Jøsneset. Tilsvarande møte er ikkje helde dei andre stadene.

Responsen frå næringa har elles vore begrensa. Det har nesten ikkje vore innspel med tanke på problematikken kring massehandtering. Dei etablerte aktørane innan naturstein/pukk- og grus-næringa har kome med etter måten få innspel i forhold til dei ressursene som tidlegare er registrerte i td NGU sine kart.

Det er store mengder informasjon som skal handerast og systematiserast, slik at volum av informasjon blir stort. Dette har ein løyst ved å bruka ein del tabellar som ligg som grunnlag for planen.

- I hovudsak har ein bygd plandokumentet opp rundt ei gjennomgang av ramer for planen, der utkast til revidert kommunenplan - samfunnsdel er ein del av den basisen (kap 2).
- Så har ein gjort greie for korleis det er blitt arbeidd med planen og medverknad (kap 3).
- I kap 4 har ein sett på heile ressursgrunnlaget - så langt det er kjent. Ut frå heile ressursgrunnlaget har ein prioritert kva område som vart gjenstand for ei overordna konsekvensutgreiing. Dette for å avgrensa omfanget og prøve å "kopla av" lokalitetar som uansett ikkje vil vera realiserbare.
- I kap 5 er massehandtering omtalt. Her har ein ikkje kome fram til lokalitetar for slik massehandtering, men har sagt noko om problematikken og gitt føringar for handtering av det.
- I kap 6 går ein inn på konsekvensutgreiinga og innkomne innspel/merknadar. Både KU og forhåpentligvis komplett liste over innspel/merknadar ligg ved. Gjennom KU skjer det ei ytterlegare "siling" av område.

- Dei områda som ein etter gjennomført KU tilrår å ta med i arbeidet med kommuneplanen, går fram av kap sju. Så kjem liste over vedlegg i kap 8.

Sjølv om areala er ein del av kapitel sju, er det ingen automatikk at dei skal bli ein del kommuneplanen sin arealdel. Og blir dei ein del av kommuneplanen sin arealdel, må ein vidare forventa enda meir detaljert KU i samband med eit reguleringsplanarbeid. Dette fordi kunnskapen om omfang av uttak er begrensa til detaljerte planar kjem fram. Kunnskap om naturmangfald er også begrensa på dette stadiet.

Vidare gang for kommunedelplan byggeråstoff vil vera høyring før endeleg vedtak. I høyringsperioden er det i planprogrammet lagt opp til møte i dei delane av kommunen som er mest berørt. Før høyringsframlegget er klart, har ein ikkje oversikt på det. Tradisjonelt er Jøsenfjorden og Årdal "grusbygdene" og Randøy staden for naturstein. I og med uttak av fast fjell (pukkverk) er nytt, har ein ikkje tradisjonar på dette feltet anna enn frå større anleggsdrift (som ferjekai Nesvik, butikkomt Puntsnes, industriomt Viganeset).

Massehandtering vert omtalt i kap 5 og i kap 7.3.

Lovar, føresegner, rundskriv

Det vert her vist til plan og bygningsloven

Økonomiske konsekvensar

Planen har ingen direkte konsekvens for kommunen. Men utviklinga av byggeråstoffnæringa, i relasjon til ynskje om attraktive lokalssamfunn, kan bety mykje økonomisk. Det kan vera ei utfordring å finna den rette balansen mellom vekst og utvikling på ei type næring som bokstavleg talt set store spor etter seg.

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

Denne planen kjem i eit brytingspunkt mellom gjeldande kommuneplan 19-31 og revidert kommuneplan 25-37. I arbeidet med byggeråstoffplanen har ein teke utgangspunkt i den reviderte planen som kommunestyret skal ta stilling til som høyringsutkast i februar 2025.

Konsekvensar for naturmangfald, klima og miljø

Konsekvens for naturmangfald og miljø inngår i KU (konsekvensutgreiing)

Konsekvensar for barn, unge, eldre, folkehelse og menneske med nedsett funksjonsevne

Konsekvens for folkehelse er indirekte ein del av KU

Vurdering av universell utforming

Ikkje relevant

Innkomne uttalar

I planarbeidet er det kome nokre innspel til val av konkrete område. I tillegg er det kome ei rekke merknadar til eit av innspela som dreier seg om eit større pukkverk i Knutsvikheia på Jøsneset.

Innspela er oppsummert og kommentert i vedlagt dokument (vedlegg3) Originalinnspela ligg også ved (vedlegg 4).

Vurdering og konklusjon

Planarbeidet har vore ein lang dags ferd mot mål. Det heile starta ved forrige revisjon av kommuneplanen, i 2019 då det kom ei rekkje inspel heilt på tampen av kommuneplanarbeidet. Det vart då vedteke å sjå på dette tema i ein eigen plan. Men det er ikkje så mange slike planar rundt om i landet, og det har vore ei utfordring å definera både planprogram og endeleg forslag til plan. Innspelsrunden som kom for eit drøyt år sidan, dokumenterte at også næringa er i ei endring, med betre metoder for framstilling av maskinsand og grus (knust vare framfor naturleg vare). Kommunen opplever også auka spenning mellom denne type råstoffbasert næring og nærliggjande busetnad, både fastbuande og ikkje minst fritidsbuande.

Aukande fokus på natur og klima generelt, gjer også uttak av byggeråstoff meir utfordrande. Samstundes er dette framleis ei viktig næring i kommunen, og ein ynskjer å leggja til rette for at det kan vera aktivitet vidare.

Det er i kap 7 i plandokumentet ein har oppsummert det vidare arbeidet. Det er foreslått at tre område for uttak av pukk vert teke med vidare for mogleg vurdering i kommuneplanen sin arealdel. Det gjeld eit område på Jøsneset (Knutsvikheia, innspel), eit på Hjelmeland (Dyneneset) og eit på Randøy (lite området ved Sandanger). Så vert det foreslått to nye områdefor grus i Jøsenfjorden på nordsida av elva (innspel), eit område i Vormedalen (NGU), og utviding av dagens område på Mæle i Årdal.

Når det gjeld naturstein vil kommunedirektøren foreslå at dei registrerte ressursene som det i dag vert drive steinbrot på på Randøy vert vidareført. Elles vert det foreslått å ta ut gamle mindre område som i dag ligg i kommuneplanen, då desse er vurderte til mindre relevante.

I tillegg til dei enkelte områda for mulig framtidig uttak, er det eit underkapitel med strategi for framtidas massehandtering.